

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Telefonmøte
Dato: 27.11.2015
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post eller til tlf. 94880564 eller 94789126. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed:

Iselin Jonassen har etter førebels innkalling varsla forfall, og Ivar Vistekleiven er kalla inn som vararepresentant.

Jørand Ødegård Lune har varsla forfall, og Tor Jevnheim er kalla inn som vara.

Eventuelle forfall ut over dette må varslast.

For å kople til telefonmøtet gjer de følgjande:

- 1. Ring 800 88 860**
- 2. Etter informasjon tastar de koden: 605747 og avslutte med #**

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvalter Jotunheimen



Jotunheimen
nasjonalpark

Mobil: 948 80 564

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 62/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 63/2015	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2016		2015/7435
ST 64/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøscooter for filming – NRK		2015/7307
ST 65/2015	Eventuelt		

Arkivsaksnr: 2015/7435-2

Saksbehandlar: Kari Sveen /
Magnus Snøtun

Dato: 17.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	63/2015	27.11.2015

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2016

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar via elektronisk søknad til bestillingsdialogen 2016 til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Pilot innfallsport Sognefjellshytta ved Fv. 55
- Informasjonstavler/skilt på Krossbu og Turtagrø for implementering av ny design/merkevare over ei samanhengande strekning
- Nytt skilt Juvflye
- Drift Turapp Jotunheimen i prosjektperioden 2016

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa områda over tid

- Skagadalen og ved Krossbu, og andre plassar med skade eller fare for erosjon

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrte beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Guridalen
- Styrte beite ved Gjendebu (geit)
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet

Andre tiltak

- Barnas Naturoppsyn

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort på nyåret 2016 etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein måte som sikrar verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner som toler meir intensiv bruk.

Naturrettleiing

Jotunheimen hadde svært gode erfaringar med naturrettleiar i sommarsesongane 2009-2014, og Nasjonalparkstyret finn det svært beklageleg at denne tenesta vart teke ut av statsbudsjettet frå og med 2015.

Bestilling av tenester frå SNO:

- Merking for sikring av utsett strekning på Knutshø
- Oppfølging av ferdselsteljarar på Sognefjellet og ved Knutshø (eco-counter)
- Oppfølging av tilrettelegging og vedlikehald stignett
- Oppfølging av prioriterte skjøtseltiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar
- Kartlegging og overvaking av fjellapollosommarfugl
- Barnas Naturoppsyn og andre skuleopplegg

Saksopplysningar

Saksdokument

- Bestillingsdialog 2016, e-post av 13.11.15 frå Miljødirektoratet
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Dokument knytt til pilotsatsing i besøksforvaltning, Utkikkspunkt Sognefjellet m.m.
- Aktivitetsrapport 2015 frå SNO og forvaltarar – presentasjon i møte

Vedlegg til saka

1. Forslag til tiltaksplan 2016-2018, vidareføring av tidlegare plan, justert for prisauke. Beløp i planen er justert i høve til endring i form av momsrefusjon. (Kostnad til nye skilt førebels noko usikkert, blir sett opp etter nærare dialog med direktoratet.)
2. Bestillingsskjema til SNO

Rigmor Solem frå SNO og forvaltarane vil orientere om gjennomførte tiltak i 2015 og plan for aktuelle tiltak for 2016-18 i møtet.

For saksførebuing er det dialog mellom nasjonalparkforvaltarane og lokalt SNO. Det er sett opp eit felles utkast til tiltaksplan for verneområda for perioden 2016-18, sjå vedlegget. Frist for innlegging av elektronisk søknad på tiltak er 08.januar 2016.

I tillegg er bestilling/forventningar til SNO si verksemd lagt inn i eige skjema (vedlegg 2). Her er både overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging.

Vurdering

Hovudtiltaket i 2016 blir utbygging av innfallspørt Sognefjellshytta som pilot i besøksforvaltninga. Dette arbeidet starta opp i 2015, men det viste seg vanskeleg å gjennomføre eit så stort tiltak utan planlegging på berrmark og ei tidlegare utlysing av arbeidet. Vi har nå fått laga detaljkart og utført geologvurdering på forankring av gangbru over Fantesteinvatnet, og har med dette eit meir presist oppdrag når det gjeld den tekniske delen av tilrettelegginga. Omarbeidde teikningar og kravspesifikasjonar blir lagt inn i ny utlysing av arbeidet. Miljødirektoratet har prioritert midlar til denne satsinga. Ut over dette har direktoratet gjeve føringar om at ein ikkje kan rekne med særlege ressursar via bestillingsdialogen til nye tiltak, men må nøye seg med vidareføring av det som alt er i gang.

Tildeling av midlar gjennom bestillingsdialogen til forvaltning, informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak var 1,2 millionar kr for våre verneområde i 2014. Samla løyving over statsbudsjettet til tiltak i verneområda har dei siste åra vorte gradvis redusert, frå 65,7 millionar kr i 2013 til 46,6 mill. kr i 2015. Budsjettforslag 2016 har 47,8 millionar.

2015 vart eit spesielt år sidan Jotunheimen skulle bygge det første utkikkspunktet som pilot i Merkevarerprosjektet for norske nasjonalparker, og tiltaksmidlane vart styrt mot dette eine prosjektet, pluss den årlege skjøtselen. Framlegg til statsbudsjett for 2016 viser nokolunde same nivå på samla tildeling til tiltak i nasjonalparkane som i 2015. Noko er øyremerka Merkevarerprosjektet. Truleg vil prioriteringa av tiltaksmidlar vera relativt lik som i 2015 sidan prosjektet på Sognefjellshytta skal fullførast i 2016. Dette gjev signal om ei streng prioritering av andre tiltaksmidlar også i 2016.

Det er i vedlagt tiltaksplan sett opp i alt 17 tiltak for Jotunheimen og Utladalen i 2016 (skiltstativ og plakat rekna som eitt tiltak). Av dette er utbygging av pilot innfallspørt største tiltaket, der det framleis vil vera nær dialog med Miljødirektoratet om finansiering og gjennomføring. Det er i tillegg foreslått oppføring av nye informasjonstavler ved Turtagrø og Krossbu, for å vise den nye designprofilen over ei samanhengande strekning. Krossbu har ingen informasjon i dag, medan det har vore sett opp som behov allereie i forvaltningsplanen frå 2008. Eksisterande informasjon ved Turtagrø har ei utforming som avvik merkbart frå den som er vist i den nye profilen. Det er nær dialog med forvaltarane i Breheimen om tilrettelegginga langs Fv. 55.

Informasjon ved andre innfallspørtar må fornyast til ny profil så snart økonomien tillet det, og plassane med manglande eller særleg utdatert informasjon blir prioritert først.

Dei andre beløpa er i stor grad vidareføring av gjeldande tiltaksplan, der det er teke høgde for litt prisstigning, men også ei nedjustering som følgje av ny ordning for momsrefusjon som vart innført i 2015. Ein må også vera førebudd på å måtte justere andre aktivitetar litt ned når ein ser endeleg tildeling. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut att tiltak. På enkelte tiltak kan det vera aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Det er nasjonalparkstyret som gjer dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2016.

Skjøtsel, tilrettelegging/vedlikehald av stigar og informasjon har vore dei store postane innan tiltaksmidlane. I tillegg trengst auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar dei omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Som pilot i Merkevarerprosjektet, vart det i 2014 og 2015 kartlagt delar av verneområdet etter det nye systemet NiN. Resultata ligg framleis til bearbeiding i direktoratet før presentasjon (digitalt). Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl bør utvidast for å dekke heile verneområda.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Utbygging av utkikkspunkt som pilot i besøksforvaltning vil halde fram i 2016 og bli det klart største tiltaket også i 2016. Men det er samstundes gjeve signal om at ein ikkje kan vente særleg mykje til andre nye tiltak. Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må få høg prioritet i åra framover. Det er mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til å gje turistar gode naturopplevingar utan at aktivitetane i vesentleg grad går ut over verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for bærekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Merkevarerprosjektet legg vekt på kundereisa til dei besøkande, dvs. at besøkande skal møtast med mest mogleg einsretta informasjon og profil. Aksen over Sognefjellet er dermed viktig for utkikkspunktet på Sognefjellshytta. Det vert derfor prioritert å sette opp ny informasjon på både Krossbu og Turtagrø etter den nye malen. Ved desse innfallsportane er det også svært ønskeleg å få til mindre rundturar knytt til parkeringa ved Fv.55. Ved Turtagrø er ein mindre runde med naturinformasjon om villrein og andre verneverdiar eit aktuelt forvaltningsgrep. Dette blir nærare vurdert saman med villreinnemnda. Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for ei geologivandring frå parkeringa inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Det er geologar som har arbeidd lenge i dette området som er viljuge til å bidra med fagleg rådgjeving. Slik tilrettelegging og aktivitet i og i randsonen til verneområda vil også vera viktig for lokalbefolkninga sin bruk av områda, og barn og unge bør bli ei viktig målgruppe for naturopplevingar og kunnskapsformidling. God samhandling med lokalsamfunna vil vera avgjerande for at nasjonalparken med tilgrensande verneområde skal opplevast som ein verdi for bygdene.

Det er i tillegg lagt opp til at all informasjon som må bytast ut, skal skje etter den nye malen, men at behovet for nye stativ må vurderast. Dette er lagt inn i tiltaksplanen for komande periode, men ein ser at fullstendig utskifting av informasjonsmateriell treng eit lengre perspektiv enn dei tre åra som tiltaksplanen dekkjer.

I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, har Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen satsa på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Turplanleggingsverktøyet Turapp Jotunheimen er nå bygd opp med ca. 35 opplevingar knytt til dei ulike innfallsportane. Det er ei utfordring med driftskostnader med dette verktøyet med årlege budsjett. Det er derfor sett i gang eit prosjekt i samarbeid med Turapp AS med målsetting om at reiselivsbedriftene skal overta driftskostnadane mot tydelegare presentasjon, mens nasjonalparkstyret held ein overordna kontroll over innhaldet som administrator. I tillegg til å sikre drifta av verktøyet, redusere kostnadene for verneområdeforvaltninga og sikre forvaltningsmessig kontroll over innhaldet, er dette også ein veldig god kanal for dialog og samarbeid med reiselivet knytt til verneområdet. For å få med reiselivet, må ein vise at dette er eit godt tilbod for

reiselivsbedriftene. Det er planlagt at dei blir med gratis i 2016, men overtek kostnadane frå 2017. Det vert derfor søkt om driftskostnadar til dette prosjektet i 2016 på 30 000,- (eks.mva.).

Naturrettleing:

Tilsetting av naturrettleiar i sommarsesongane 2009-2014 fungerte både som eit servicetilbod og eit ledd i arbeidet for å sikre at bruk ikkje går ut over verneverdiane. Som følgje av generelle nedskjeringar på nasjonalparkbudsjetta i 2015 var det ikkje rom for denne tenesta, noko som er svært beklageleg.

Skjøtsel:

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført.

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Dei siste 4-5 åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtelsesplan har vurdert dei ulike skjøtelsesområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtsel av kulturmark er ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtelsesområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtelsesplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

SNO og prioriterte aktivitetar

Forvaltninga kan bestille særlege fokusområde innan SNO gjennom innmelding på skjema. Nytt tiltak i 2015 var tilrettelegging av ferdselsteljarar på Sognefjellet og ved Knutshø. Lokalitetane på Sognefjellet skal kartleggje i kva grad tilrettelegging med pilotinnfallsport verkar inn på ferdsel før og etter tilrettelegging. Knutshø er eit sårbart område, der det samtidig er press for auka bruk. Ferdseleksregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.

I medhald av vedtak i sak 56/20 blir det som sikringstiltak bestilt tydelegare markering av utsett parti på Knutshø.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Tiltaksplan Jotunheimen og Utladalen 2016-18

	Lokalitet	2016	2017	2018
<u>Utkikkspunkt</u>				
Pilot innfallsport	Sognefjellshytta	x		
<u>Besøksforvaltning</u>				
	Ferdelsteller	x	x	x
<u>Skiltstativ (ny mal)</u>				
	Sognefjellshytta	x		
	Krossbu	x		
	Turtagrø	x		
	Valdresflya		x	
	Eidsbugarden		x	Synfaring i 2016 med NP-styre/kommune/fjellstyre
<u>Skiltinfo</u>				
	Sognefjellshytta	x		
	Krossbu	x		
	Turtagrø	x		
	Juvflya	x		
	Gjendeosen		x	
	Vargebakken		x	
	Valdesflya		x	
	Eidsbugarden		x	
Kostnadsestimat i 100 kr				
<u>Informasjon</u>				
	Turapp Jotunheimen	30		Drift som ein prøver å fase ut etter 2016
<u>Opplæring/utdanning</u>				
	Barnas naturoppsyn	20	20	20

Stinettet - oppgradering og vedlikehold

Vedlikehold	100	100	100	Større vedlikehold, jf prosjektplan for stiprosjektet
Vedlikehold Vettisfossen ned	20	20	20	
Sjugurdstind - Memurubu		50		Vurdering i 2016
Vintervegen Fannaråken		200		
Mot Galdhøpiggen frå				
Spiterstulen			100	
Krossbu mot Bøverbreen	30			Gangbaner
Skagadalen	10			Gangbaner og rydding
Gravdalen til Storutladalen		20		Synfaring i 2016
Natursti Krossbu		100		Planlegging i 2016
Rundtur Turtagrø		100		Planlegging i 2016

Skjøtsel

Slått på Skåri, Avdalen og Vel	200	200	200	I 2015 : ca 400 000,- på skjøtsel nedre Utladalen
Styrt beite på Skåri, Avdalen	130	130	130	Meir beitedyr nå enn tidlegare
Styving/rising av alm og lind.	70	70	70	
Krattrydding Guridalen	30	30	30	
Styrt beite ved Gjendebru (ge	15	15	15	
Styrt beite krattrydding ved C	35	35	35	
Slått av kve ved Gjendebru som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald			20	Anna kvart år

Løveskilt, ved vernegrensene

NP	Lvo
20 stk	5 stk

Innspill om ønsket SNO ressurs. (Sett inn nye linjer for hvert bestilte oppdrag)

	År:							
	2016							
Bestiller:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen							
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3)	Verneområde/innsatsområde/lokalitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.). Stand. rap.verktøy som Verneomrdlogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Rapporteringsfrist	Ansvarlig i SNO-L
Tilsyn/kontroll	1	Jotunheimen, Utladalen	Store arrangement (festivalar, konkurranser)	2	Vera synleg til stades		01.okt	Rigmor Solem RS
Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)	1	Jotunheimen	Knutshø - sikringstiltak, merke utsett parti	1	Merking og skilt		01.jul	RS
"	1	Jotunheimen, Utladalen	Administrere stilrettelegging	3	Behovsvurdering og iverksetting		1. nov.	RS
"	1	Jotunheimen, Utladalen	Administrering av skjøtsel	8	Avtaler med skjøtelsesmedarbeidarar, setja i verk tiltak til rett tid		1. nov.	RS
"	1	Utladalen	Førebuing og vedlikehald av styvingar av alm og lind.	4	Oppretthalde kulturmark, setja i verk skjøtsel		1. nov.	RS
Kartlegging/registrering/over-våking (inkludert bevaringsmål)	1	Jotunheimen	Oppsetting og administrering av Eco-counter Knutshø (1 stk) og Sognefjellet (2 stk)	3	Oppsett av teljar med trampematter		1. nov.	RS
"	1	Jotunheimen	Kartlegging og overvaking av fjellapollosommarfugl	1	Sjekk lokalitet 1 dag ved gode værforhold		1. nov.	RS
"	1	Jotunheimen, Utladalen	Kartlegging og overvaking av rovfuglar	4	Løpende oppdrag til oppsyn, vekt på hekkesesong		1. nov.	RS
Naturveiledning/informasjon	1	Jotunheimen, Utladalen	Tilsyn med eksisterande skiltinformasjon	1	Kartlegge behov for utskifting og supplement		1. nov.	RS
"	1	Jotunheimen, Utladalen	Barnas naturoppsyn - skuleopplegg mot 7.klassar rundt verneområde	2	Tilrettelegge og delta på feltdag for klasser		1. nov.	RS

Arkivsaksnr: 2015/7307-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 11.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	64/2015	27.11.2015

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Bruk av snøscooter for filming – NRK

Forvaltar si innstilling

NRK Hordaland får med heimel i naturmangfaldlova § 48 dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen, jf. verneforskrifta § 4, for bruk av snøscooter i samband med filmopptak for dokumentarprogram om Lom Tamreinlag.

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

- Omfanget av snøscooterkjøring innan nasjonalparken må avgrensast til det som er strengt nødvendig for å gjennomføre gode filmopptak på ein effektiv måte.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) skal ha melding om vald dato seinast dagen før transport skal skje.
- Løyvet gjeld for ein dag i veke 2 i 2016 på eigna plassar nær opphaldsområdet for tamrein flokken på det aktuelle tidspunktet, som omsøkt.
- Filminga bør fortrinnsvis leggjast til vekedagane måndag-torsdag. Ved vanskelege værforhold kan fredag 15.01.16. vera reservedato.
- Det skal sendast ei enkel tilbakemelding på e-post med opplysning av dato og nytta lokalitetar, så snart oppdraget er gjennomført.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Søknad ved e-post 10.11.2015 frå NRK Hordaland v/ Irene Langeland og programskapar Rebecca Nedregotten Strand

NRK Hordaland har sendt følgjande søknad om løyve til motorferdsel i utmark:

«NRK jobbar for tida med opptak til ein tv-dokumentar om Lom Tamreinlag. Programmet skal etter planen sendast på NRK1 våren 2016. I samband med dette, planlegg vi filming av reinsgjetarar i arbeid på fjellet andre veka i januar 2016.

Eit av desse opptaka ynskjer vi å gjere med spesialkamera festa til snøscooter. Vi søker difor med dette om løyve til motorferdsle i opptak i samband med dette opptaket. Det vil berre vere aktuelt å filme 4-6 timar ein dag, men sidan prosjektet er vêravhengig håper vi det er mogleg å få løyve for heile veke 2. Nøyaktig opptaksstad er også vanskeleg å fastslå, sidan ein må filme der reinsflokken er, men det vil skje i beiteområda til Lom Tamreinlag, i Lom kommune. Transporten vil skje til og frå reinsflokken, samt i nærleiken av der denne har tilhald på aktuell dag. Vi vil vere saman med reinsgjetarane heile tida og difor kunne nytte oss av deira lokalkjennskap til området.

Vi treng desse bileta for å vist fram korleis gjetarane jobbar og for å vise det spesielle landskapet dei har som sitt kontor. Eit kamera festa på snøscooter gjev stabile bilete og vil gje oss ei moglegheit til å få vist samanhengen mellom landskap og menneske på ein måte vi ikkje klarer å få til utan dette hjelpemiddelet. Scooteren er ein Artic Cat med kjennemerke JL 7586. Eigar er TV Bærum AS, og fotograf er Jan Benkholt frå NRK.»

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2014)
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO (2008)

Verneforskrifta for Jotunheimen NP set forbod mot motorferdsel,

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 4 vurdere dispensasjon i særskilde tilfelle:

§ 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

For tilfelle nemnd i verneforskrifta § 4 gjeld naturmangfaldlova § 48, som set slike rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg
- Vakre og eigenarta landskap
- Fjellvatn og vassdragsnatur
- Særprega geologiske førekomstar
- Leveområde for villreinen
- Kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett. Forvaltningsstyremakta bør særleg vurdere konsekvensar av ein dispensasjon, t.d. om andre kan tenkjast å søkje dispensasjon på same grunnlag. Eit program om tamreindrifta kan bidra til å auke kunnskapen om bruken av naturressursane i området, og vil ikkje vera i strid med verneformålet. Det å følgje tamreinflokken og gjetarane med kamera ein dag gjev ikkje merkbar meirbelastning på naturmiljøet. Avgrensa bruk av ein snøscooter i tillegg til dei som tamreinlaget sjølve nyttar vil ikkje påverke verneverdiane vesentleg, og det er av stor fagleg interesse å formidle slik kunnskap til allmenta.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda der reinen oppheld seg i vinterhalvåret er ganske bra. Ferdsel på denne årstida vil i liten grad påverke dyrelivet eller vera til sjenanse for friluftsliv. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom.
- Førre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men prosjektet er knytt til område både innan og utanfor nasjonalparken.
- Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket gjeld TV-produksjon, og det har vore fleire søknader om motorferdsel for filming i Jotunheimen gjennom åra. Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken, men konseptet har ei fagleg forankring mot ein tradisjonell bruk av fjellområda rundt Lom.
- § 11 om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver» er lite relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Planlagt filmproduksjon vil ikkje kunne gjennomførast utan ein ekstra snøscooter i tillegg. Hjelpemiddelet er nødvendig for å få ein effektiv produksjon med høg kvalitet på opptak. Tiltaket vil ikkje setja varige spor, men vil gje litt støy i eit avgrensa tidsrom.

Konklusjon:

Programkonseptet formidlar verdifull kunnskap om ein tradisjonell arealbruk i Jotunheimen, og føremålet er ikkje i strid med intensjonane for vernet. Programmet kan auke kompetansen om reinen sin bruk av utmarksressursane, og kan profilere nasjonalparken og tamreindrifta på ein positiv måte.